

" MINERALIENTAGE - MÜNCHEN 1978

Eit forvirrande inntrykk sit att etter 2 stappfulle dagar! Meir enn 300 utstillarar i ein hall på 8 mål, hundrevis på hundrevis av meter med utstillingsbord. Kva kan stutt seiast om denne gigantmønstringa, den største i Europa?

Dei fleste utstillarane satsar på mineralar, ein del har berre smykkestein/smykke og nokre få berre utstyr. Og spektret er vidt, med prisar frå $\frac{1}{2}$ DM - 45.000DM. Både dei fyrste og den siste fann viljuge kjøparar.

Utvalet av kvartsgrunder frå Arkansas og Brasil var enormt, prisar frå 250DM - 750DM for ei god gruppe ca. 15 x 20 cm og litt meir for den bestråla "røyk-kvartsen". Mindre amethystgrupper var det lite av, men rikeleg av "overflødigheitshorn" til noko høgre prisar enn vi har sett. Elles frå Sør-Amerika: Det nye, fantastiske funnet av sterkt raud elbaitt, ofte på kvarts. Den dyraste vi såg kosta 25.000DM, men eigaren skulle ha ei krystallgruppe som stod 60cm opp frå golvet. Denne forlanger han 1 mill. U.S. dollar for - om nokon skulle vera interessert

Frå Sør-Amerika noterte vi oss elles gode grupper av brazilianitt, hübneritt (xx) på kvarts og mange gode grupper av sinkblende/blyglans (xx) frå Peru. Tyske geologistudentar hadde godt utval i meteorittar og sjeldne sulfosalte dei sjølve hadde funne (!), og til absolutt overkommelege prisar.

Årets slager er likevel afrikaner: Dioptas i enorme mengder, prisar og kvalitetar, både frå Tsumeb og Zaire. Frå Tsumeb var det forresten utruleg mykje materiale å sjå, men berre namnet ser ut til å doble prisen. Nytt av året var merkelege rhodochrositt (xx) frå Gabon. Rhodochrositten frå Hotazel kosta framleis like mykje, 800DM - 1.200DM for ei god gruppe på 5 x 5cm.

Frå Asia var det for fyrste gong firma frå Afghanistan ((kuzitt (x)/morganitt (x) m.m.)) og Korea ((scheelitt (x) - scepteramethyst (xx))). Indiske forhandlarar skulle ha høgre prisar enn vi er vane med, stundom for dårlegare materiale.

Vi såg lite på det amerikanske materialet. Av europeisk var eit utruleg utval, tildels billig og godt. Særleg var det råd å få gode og billige italienske stoffar: Svovelkis/hematitt frå Elba, gedigen svovel (god = uhyre kostbar) frå Sicilia og andalusitt. Vesuvian og granatar frå Nord-Italia. For oss var også sulfidar frå Trepča, Jugoslavia og dei mange baryttar/rhodochrositt m.m. frå Romania av interesse. Antimonglans hadde tydeleg nådd botnen i priskurva og var på veg opp att. Av nye ting var svovel/celestitt/aragonitt frå Polen, godt under tilsvarande frå Sicilia i kvalitet.

Og norsk - eller nordisk? Svært lite. I dansk utstillar, og i alt 5 stands med norsk materiale. Mest frå Evje (Landsverk), Froland, Selåsvatn og Bjordam. Prisane låge, i samanlikning med det vi elles såg, og kvaliteten middels. Men ein engelsk forhandlar hadde ein god trådsølv frå Kongsberg - til 5.000DM !

Mange lokale mineralhandlarar og samlarar hadde skrappt kassa og sikra seg ein meter eller to (her kosta bordet ca. 150DM/m, Jan Solgård!). Dei hadde billigt, og av og til interessant materiale til svært låge prisar.

Vi kom til forestillinga med den tanke at dette var noko alle mineralhandlarar måtte gjennom. For det finst jo etter gamal, god norsk meining berre to slags samlarar:

1. Dei som bankar i ur og berg og kjenner glede ved sveittelukt og blå neglar, og
2. Den suspekte rase som kjøper forsidestuffar og puttar dei i skattesikre bankboksar.

Dei siste hadde altså sett kvarandre stemne her.

Den fyrste dagen var det få byttemerke som synte at forhandlarane var interesserte i den slags geskjeft. Tusen på tusen bein snegla seg gjennom lokala og gjorde det vanskeleg å kome inntil borda. Nesten ikkje eit kjent fjæs, vi følte oss som ørsmå sporvar i ein altfor voldsom tranedans.

Frå morgonen søndag var det mindre folk, eit par gode byte dreiv snart humøret i veret. Vi oppdaga at det gjekk an å koma på talefot med amerikanske mineralcelebritetar og tyske amatør-samlarar, over alt var det stor interesse for Noreg - som ferieland! - Vi tok til å trivast i miljøet. Neste år får vi kikke på alt vi ikkje rakk over denne gong!

Torgeir T. Garmo

